

Lindås kommune  
Plan og miljøutvalet  
Kvernhusmyrane 20  
5914 Isdalstø

Lindås 30.08.13

### **Merknader til privat planforslag Fonebost småbåthamn ,gnr 106,brn 12 m.fl.**

Me vil med dette brevet nytte anledningen å komme med vår meining om dei store planane som er under behandling.

Det er fleire faktorar som gjer at me er svært ueinig i desse planane. Me vil først og fremst setje spørjeteikn til kva som vil skje med trafikktryggleiken på Fanebust når det etter planen skal kome ti nye bustadeiningar, samt camping og fleire båt plassar i nærområdet. Me har born som om få år vil nytte vegen som skuleveg då dei ikkje har rett på skuleskyss. Ei slik utbygging vil føre til betydeleg oppauking av bilar som nyttar denne vegen. I arealdelen av kommuneplanen for 2011-2023, er Fanebust markert som trafikkrisiko raud sone. Dette inneber at det må setjast i verk tiltak for å redusere risikoen. Me stiller oss undrande til at utbygger i sine kommentarar til merknadar, kan ta så lett på tryggleiken til dei mjuke trafikantane. Han har ikkje grunnlag til å sei at trafikkauken ikkje vil påverke dei som ferdast gåande og syklande langs vegen. Me gjer merksam på at ingen av borna som bur langs FV 400 har rett på skuleskyss. Det er heller ikkje moglegheitar for kjøp av busskort for borna våre, då det er drosjar som syter for transport til og frå skulen for dei borna som har rett på det (gjeld Sundsbø og privat veg heilt i enden på fv 400).

Me meiner at den utvidinga av vegen som er lagt i forbindelse med bustadfeltet ikkje er tilstrekkelig for å auke trafikktryggleiken, slik utbygger legg fram. Skal dei mjuke trafikantane ivaretakast, må det i det minste krevjast at det vert etablert gang og sykkelveg frå Fanebust kai og opp til Krossleitet.

Med tanke på at det allereie finns fleire tomter i området, meiner me at det ikkje kan vere behov for nye felt. Det finns også rikelig med ledige tomter på Lindås, i allereie eksisterande bustadfelt. Desse bør nyttast før ein byrjar utbygging utanfor senterområdet.

Ein annan ting som gjer oss bekymra for planane er at eg, Marius Røddland, har odelen på bruk nr 17 som grensar mot Vabø sin gard. Dette er eit veldrevet

gardsbruk, som far min driv på heiltid som mjølkeprodusent. Som bonde ser eg med stor bekymring på ei så stor utbygging i bygda vår. Eg ser og at det er ei ulempe med mykje bebygging rett i nærleiken av bruket. Allereie i dag er det omsyn som må takast med tanke på både naboar og trafikk. Desse planane vil heilt klart gjere en krevjande kvardag enda vanskelegare. Me fryktar ei utbygging av bustadfelt vil kunne setje ein stoppar for vidare drift med mjølkeproduksjon. Garden vår på Fanebust er det siste heiltidsbruket av alle Fanebustgardene, og me hadde håpa me kunne fortsett drifta i lang tid framover. Uroa for kulturlandskapet er stor dersom drifta vert redusert/nedlagt. Me meiner at i denne saka må ein sjå langsiktig. For kva skjer i framtida når ein først har starta ein slik utbygging/utvikling?

Håper våre meiningar blir tatt i betraktning under vidare behandling i den saken.

Mvh

Marius Rødland og Siv-Marit Rødland